



Dc Eikefet Aggregates AS
Eikemovegen 3
5994 VIKANES

Referanser:

Dykkar: Jan Øyvind Jørgensen
Vår: 20/7399 - 20/15785

Saksbehandlar:

Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:

23.03.2020

Tilbakemelding etter møte - gbnr 220/2 Store Urdal

Saka gjeld: Konesjonsvilkår for gbnr 220/2 og frådeling av parsellar.

Deltakarar: Dagleg leiar Jan Øyvind Jørgensen frå DC Eikefet Aggregates AS
(Tidlegare Oster Pukk & Sand AS)
Laila Bjørge frå landbruksavdelinga
Anne Lise Molvik frå byggesaksavdelinga

Konesjon

Vilkåra for konesjon gitt i vedtak datert 09.12.2016 er ikkje oppfylt. Dagleg leiar opplyser at det kan vera aktuelt å behalda bustaden på eigedomen og/eller alt areal bortsett frå del av felles utmark. Slik Laila Bjørge skriv i e-post av 05.03.20 er det ikkje foreldelse på vilkåra i konesjonssaka og det vil derfor vera mogleg å søkja om å endra vilkåra, jf. konesjonslova § 11. Grunngjeven søknad må sendast inn.

Frådeling

Vurdering av aktuelle frådelingssaker har vore tatt opp ved fleire høve, seinast i møte 21.03.19, sjå vedlegg. Frådeling i samsvar med gjeldande plan vert vurdert å vera kurant.

Reguleringsplanen for Eikefet – Urdal steinbrot og deponi, planid 1263-201107, gjeld. I samsvar med føresegn 4.5 i kommuneplanen for Lindås 2019- 2031 supplerer kommuneplanen reguleringsplanen der planen ikkje har eigne føresegner om temaet.

Tidlegare rettleiing i saka er gjort på grunnlag av tidlegare godkjende planar. Vi tilrår derfor at de tar kontakt med kommunen når det er avgjort kva areal som er aktuelt å dela frå slik at vi kan sjekka planstatus og krav til dokumentasjon før de sender inn søknaden. Aktuelle parsellar må teiknast inn på reguleringskartet som ligg ved.

Vi viser ellers til informasjon om frådelling på kommunen sine heimesider. Her finn de generell rettleiing om deling, informasjon om kart og naboliste og kommunen sitt søknadsskjema. Lenke til heimesida finn du [her](#).

Vedlagt følgjer søknadsskjema for frådelling, referat frå møte 21.03.19 og plankart med tilhøyrande føresegner.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Oppsummering etter møte 21.03.2019 - gbnr 2202 Aurdal store
DP Eikefet Urdal Føresegner 240119
DP Eikefet Urdal Plankart 240119
Søknadsskjema frådelling

Kopi til:

Dc Eikefet Aggregates AS	Eikemovegen 3	5994	VIKANES
--------------------------	---------------	------	---------

Mottakarar:

Dc Eikefet Aggregates AS	Eikemovegen 3	5994	VIKANES
--------------------------	---------------	------	---------